

---

2020/57856-1  
**Saksnr:** Lasse Kolbjørn Anke  
**Saksbehandlar:** Hansen, Harald N. Offerdal  
og Hans Inge Gloppen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		16.07.2020

## Kommunale næringsfond 2020 – fordeling på kommunane

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon sluttar seg til fordelingsmodell og dei vurderingane som er gjort i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å foreta endeleg fordeling av midlane til kommunale næringsfond i tråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine retningslinjer, regionale føringar og fordelingsmodell som er lagt til grunn i saksframlegget.

### Samandrag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i samanheng med koronatiltaka i krisepakke - fase 3 for 2020 oppretta ein ny tilskotspost på kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, øyremerkt til kommunale næringsfond. Dette er ei eingongsløyving på 600 mill. kroner til kommunar som er hardt råka av høg arbeidsløyse som følge av virusutbrotet. Løyvinga til Vestland fylkeskommune er 75,3 mill. kroner, og fylkeskommunen har fått i oppgåve å fordela midlane til kommunane. Denne saka viser korleis midlane er prioritert.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Hans Inge Gloppen  
fung. seksjonssjef  
Verdiskaping i byar og regionar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg til saka:

1. Fylkesfordeling av rammene til kommunale næringsfond
2. Oppdragsbrev 2020 Kommunale næringsfond
3. Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond
4. Midlertidig forskrift for kommunale næringsfond 2
5. Gruppemelding kommunale næringsfond
6. GBER mal gruppemelding kommunale næringsfond
7. Distriktsindeksen 2020
8. Regional effekt av korona for norsk eksportrettet næringsliv - Menon Economics 2020
9. E-post frå Kinn kommune

### Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har i samanheng med koronatiltaka i krisepakke - fase 3 for 2020 oppretta ein ny tilskotspost på kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, øyremerkt til kommunale næringsfond. Dette er ei eingongsløyving på 75,3 mill. kroner. Vestland fylkeskommune har fått i oppgåve å fordele midlane til kommunane. Fordelinga skal prioritere kommunar som er, eller står i fare for, å bli særleg hardt råka av høg arbeidsløyse som følge av virusutbrotet. Prioriteringane skal byggje på fylkeskommunen sin kunnskap om kommunane og næringslivet sine utfordringar og behov. Dette for å gi ei god målretting av innsatsen. Fylkeskommunen kan utøve skjønn i tildeling av midlane.

Departementet har utarbeidd ei mellombels forskrift om tilskot til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbotet. Deler av forskrifta for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel er innarbeidd i forskrifta. I tillegg vil «*Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte*» gjelde for støtte gitt etter gruppeunntaket. Den mellombelse forskrifta skal gjere det lettare for søkjarane og kommunane som forvaltarar, å orientere seg om kva reglar som gjeld. Samstundes vil det vere eit krav om bruk av regionalforvaltning.no til utlysing og rapportering. Det vil vere trong for å gi kommunane rettleiing, opplæring og kursing i bruken av regionalforvaltning.no og forskrifta, samt krav til saksbehandling i denne typen tildelingssaker.

I den mellombelse forskrifta er det verdt å merke seg:

- Midlane kan ikkje brukast til å dekke administrasjonskostnader ved forvaltninga av midlane verken i fylkeskommunen eller kommunane.
- Verkeområdet for bruken av midlane er heile landet.
- Det er ikkje krav om forankring i fylkeskommunale og kommunale planar.

Forskrifta er lagt ved saka.

#### **Nærmare om dei nasjonale føringane for bruken av midlane**

Midlane skal som nemnt gå til kommunar som er eller står i fare å bli hardt ramma av høg arbeidsløyse som følgje av covid-19. Løyvinga skal setje kommunane i stand til å legge til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Målgruppa er bedrifter og næringsaktørar. Næringsaktør blir definert som ein aktør som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling. Midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunane meiner er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet. Kommunane skal vektleggje tiltak som har noko å seie for arbeidsplassar, verdiskaping og økonomisk aktivitet.

Kommunen kan delegere heile eller deler av forvaltninga til Innovasjon Norge og regionråd. Kommunen kan unntaksvis delegere forvaltningsmyndighet til private rettssubjekt. Delegeringa av myndighet og delegeringa sitt omfang skal kontraktfestast.

Innovasjon Norge har i større grad enn kommunane eit apparat som tilbyr kompetanse og nettverk til bedrifter med ein nasjonal og internasjonalt marknad. Det er difor viktig at fylkeskommunane bidreg til ei god arbeidsdeling mellom kommunane og Innovasjon Norge. Det må vere dialog mellom fylkeskommunane, kommunane og Innovasjon Norge, også om regelverket for offentleg støtte. Vestland fylkeskommune har alt etablert ein første dialog med Innovasjon Norge.

Dei er mellom anna gitt i oppdrag å gi kommunane rådgjeving i høve bagatellmessig støtte

Støtte til bedrifter må gjevast i samsvar med regelverket om offentleg støtte. Bedriftsstøtte kan gjevast etter reglane for bagatellmessig støtte. Departementet har også meldt inn ordninga under det alminnelege gruppeunntaket. Kommunane kan då tildele støtte i samsvar med innmeldte støttekategori, eller etter reglane for bagatellmessig støtte.

Fylkesdirektøren legg til grunn at kommunane har tilstrekkeleg kapasitet, og er godt nok organisert, til å setje midlane i arbeid der dei har best verknad. Fleire kommunar og grupper av kommunar har gode, godt forankra bedriftsretta prosjekt som raskt kan setjast i verk. Fylkesdirektøren har ikkje fagleg grunnlag til å gå ut frå at dette er tilfellet i alle kommunane. I tilsegnsbrevet vil det bli bedt om stadfesting på at kommunane er organisert med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet i sakshandsaminga. Fylkesdirektøren vil også sikre at kommunane tek ansvar for dei minste verksemdene, jamfør arbeidsdeling mellom kommunane og Innovasjon Norge. I tråd med signala frå KMD føreset vi rask handsaming i kommunane, og at kommunane sjølv handterer eige delegeringsreglement i høve til dette.

### Kunnskapsgrunnlaget for fordelinga mellom kommunane

Vestland fylkeskommune er tildelt oppgåva med å fordele midlane mellom kommunane i fylket. I den samanhengen har fylkesdirektøren vurdert fordelingsmodellane som Trøndelag og Viken har lagt til grunn. Ingen av desse modellane løyser dei spesielle utfordringane som Vestland står framfor. Det siste vert støtta av [Menon](#) som på oppdrag av Eksportkreditt har sett på kva effekt koronakrisa og oljeprisfallet har for norsk eksportindustri. Det særmerkte med denne krisa er at den påverkar både tilbod og etterspurnad av varer og tenester, samstundes som prisen på Norges viktigaste eksportvare olje og gass, har falle markant.

Menon har i tre scenario sett på effekt av krisa på eksportnæringane 1) maritim og offshore leverandørindustri, 2) sjømat, 3) prosessindustri og 4) reiseliv. I alle tre scenario er det Vestlandet som blir hardest ramma på grunn av høg eksportintensitet og sviktande marknader utanlands. Vestlandet er også den landsdelen som vert hardest ramma på lengre sikt. Bakgrunnen for dette er at vår region har ein stor del av næringslivet knytt til offshore og maritim. Som følgje av stor gjeld og låge inntekter i denne bransjen allereie før krisa, er det etterkvart grunn til å vente fleire konkursar og bortfall av arbeidsplassar.

Fylkesdirektøren legg opp til at ein større del av potten skal setjast av til skjønn basert på regionale utfordringar knytt til covid-19, kombinert med utfordringar sett på litt lengre sikt. Det er særleg to bransjar vi er uroa for i vårt fylke. Det er reiseliv og leverandørindustrien - fortrinnsvis maritim og offshore leverandørindustri. Løyvinga på 75,3 mill. kroner er difor delt i to med 70 % til kvantitativ deling og 30 % basert på skjøn.

Det vil bli sett av tid under møtet til å gå gjennom prinsippa, kriteria knytt til korleis dei ulike faktorane er vekta og konsekvensane knytt til fordelinga av midlane.

### Kvantitativ deling

Den kvantitative potten på 52,71 mill. kroner er fordelt etter følgjande kriteria:

25 % er fordelt etter [Distriktsindeksen 2020](#) som er eit godt verktøy for å peike ut distriktskommunar, og vise grad av utfordringar desse kommunane har når det gjeld sentralitet, folketalsvekst, sysselsetjingsvekst og ein-sidig næringsstruktur.

Hovudinnretninga på 75 % er fordelt etter næringsmessige «behov» basert på:

- Kommunar med minst 10 permitterte innan næringa «Overnatting og serviceverksemd» i perioden 9. mars til 23. juni 2020. Pengane er fordelt kommunevis etter kor stor del av arbeidsstyrken som var permittert i perioden (vekta 30 %).
- Kommunar med minst 10 permitterte innan næringa «Varehandel og reparasjon av motorkøyretøy» i perioden 9. mars til 23. juni 2020. Pengane er fordelt kommunevis etter kor stor del av arbeidsstyrken som var permittert i perioden (vekta 10 %).
- Kommunar med minst 10 permitterte innan næringa «Private tenester (frisørar, fysioterapeutar o.l.)» i perioden 9. mars til 23. juni 2020. Pengane er fordelt kommunevis etter kor stor del av arbeidsstyrken som var permittert i perioden (vekta 10 %).
- Kommunar som har ein stor del av sysselsetjinga innan næringane «Bergverksdrift og utvinning, Industri, Bygge- og anleggsverksemd og Transport og lagring» målt etter arbeidsstad per 4. kvartal 2019 (vekta 25 %).

### Skjønsmessig deling

Veikskapen med den kvantitative fordelinga mellom kommunane er at næringskodane (NACE-kodane) som skal dekkja statistiske behov for Statistisk sentralbyrå, ikkje er godt nok innretta til å spegle dei ulike bransjane. Til dømes at kafédrift i eit kjøpesenter lista saman med andre turistverksemdar.

Reiselivsnæringane på Vestlandet er dei mest eksportretta i landet. Sommaren 2019 var 57% av dei besøkjande utanlandske, med eit estimert totalforbruk på 3,4 milliardar kroner (Kjelde: Menon)

I reiselivsbransjen er det turistverksemdar som driv med aktivitetar som kajakkutleige, strikkhopp, historieforteljing, guida turar med overnatting i telt eller lavvo, via ferrata-guiding og gardsturisme som har sterkast vekst. Det er her det største marknadspotensialet ligg på verdsbasis, og det er slike tilbod som gjer at gjesten vel å reise til reisemål på Vestlandet.

Svært mange av desse bedriftene er små og ligg eit godt stykke unna bynære strøk. Mister vi desse, får det stor negativ effekt, også for vårt viktigaste turistmål Bergen. Så sjølv om Bergen er av dei hardest råka kommunane når det gjeld reiseliv, er det viktig med eit samla løft for heile


fylket. Turistane kjem til Bergen for å sjå og oppleve fjord og fjell, overnattar og går på restaurant, for deretter å reise vidare ut i fylket med buss, bil, tog og båt for å oppleve unik natur og Norges mest attraktive reiselivsprodukt.

Bergen er som nemnt det viktigaste reisemålet i regionen, og byen fungerer også som eit nav for å få turistar ut i store delar av fylket. Etter fleire månader med stengde dører er Bergen delvis opna igjen, men koronarestriksjonane påverkar framleis drift og omsetning i reiselivet. Det er ingen utanlands-turistar, ingen kulturarrangement, ingen kongressar, og sterkt reduserte gjestetale på hotella. Det er ikkje nok norske turistar til å dekke opp for tapet av utanlandske gjester. Som følge av redusert aktivitet, mange permitterte og relativt stor arbeidsløyse er difor Bergen tilgodesett med ein stor pott av skjønsmidlane.

Når det gjeld maritim- og offshore leverandørindustri, er det ikkje berre covid-19 som slår inn med negativ effekt. Denne bransjen er i tillegg sterkt påverka av lågare global etterspurnad og låge oljeprisar. Menon Economics rekna i slutten av mars ut at mellom 2 500 og 6 500 sysselsatte i Vestland kan miste jobben som følgje av korona- og oljekrisa i 2020 og 2021, alt etter kor langvarig krisa blir.

Rederiforbundet har gjennomført fire undersøkingar blant sine medlemmer. Resultata viser at bransjen står framfor ei krise som er mykje større og meir krevjande enn finanskrisa i 2009 og offshorekrisa i 2014. Dette rammer alle segment hardt. Verst er det i passasjerskipssegmentet med eit fall i omsetninga på nær 90 prosent. Deep sea-reiarlaga har hatt eit fall i omsetning på rundt 25 prosent. Offshore service-reiarlaga har hatt eit omsetningsfall på 17 prosent. Det er venta at dette vil bli ytterlegare forverra utover i året, og eit førebels anslag er ca. 75 mrd. kroner i redusert omsetning i 2020. Reiarlaga har varsla at redusert aktivitet og omsetning i offshoresegmentet vil føra til at 183 skip er i opplag innan utgangen av 2020. I tillegg har deep sea-reiarlaga varsla at nær 40 skip må i opplag.

Distriktsindeksen 2020 fangar ikkje opp utfordringane som er nemnt over, og fleire kommunar som skårar høgt på denne indeksen får etterkvart store utfordringar. Menon sin oversikt over kva kommunar som har størst del av dei sysselsatte innan reiselivsnæringa og maritim- og offshore leverandørindustri er difor brukt som utgangspunkt for den skjønsmessige vurderinga (sjå under).



I Menon sine analyser er det ikkje med tal for kommunar med mindre enn 1500 sysselsatte i privat næringsliv. Som grunnlag for skjønnet er det difor lagt til grunn regional kompetanse om kommunar med høg sysselsetningsgrad i dei aktuelle næringane, men som er for små til å kome med i Menon si oversikt. Eit godt døme er Aurland. Fylkesdirektøren har i sitt skjøn teke omsyn til dette.

Mange kommunar i Vestland har til dels store lokale midlar frå til dømes kraftfond, som kan disponerast til næringsformål. Dette er også teke med i vurderinga.

Med dette som utgangspunkt tilrår fylkesdirektøren at den skjønsmessige potten på 22,59 mil. Kroner vert fordelt slik går fram under konklusjonen i saksframlegget.

**Vedtakskompetanse**

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har avgjerdsmynde i denne saka

**Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Dette er ei eingongsløyving som følgje av covid-19-krisa, og såleis utanfor ordinære budsjett.

**Konklusjon**

Med utgangspunkt i saksframlegget tilrår fylkesrådmannen fylgjande fordeling av tilskota til kommunale næringsfond:

<b>Kommune</b>	<b>Sysseting, næringsliv, distrikt (70 %)</b>	<b>Skjøn (30 %)</b>	<b>Samla til Næringsfond</b>
Bergen	kr 7 011 665	kr 5 590 000	kr 12 601 665
Øygarden	kr 1 771 518	kr 1 000 000	kr 2 771 518
Voss	kr 1 527 589	kr 1 000 000	kr 2 527 589
Stord	kr 1 513 694	kr 1 000 000	kr 2 513 694
Sogndal	kr 1 440 513	kr 1 000 000	kr 2 440 513
Kinn	kr 1 389 686	kr 1 000 000	kr 2 389 686
Stryn	kr 1 375 721	kr 1 000 000	kr 2 375 721
Hyllestad	kr 1 283 584	kr 1 000 000	kr 2 283 584
Bømlo	kr 1 235 416	kr 1 000 000	kr 2 235 416
Austevoll	kr 1 153 838	kr 1 000 000	kr 2 153 838
Kvam	kr 1 135 160	kr 1 000 000	kr 2 135 160
Alver	kr 1 591 273	kr 500 000	kr 2 091 273
Ulvik	kr 1 003 865	kr 1 000 000	kr 2 003 865
Sunnfjord	kr 1 448 924	kr 500 000	kr 1 948 924
Bjørnafjorden	kr 1 400 281	kr 500 000	kr 1 900 281
Askøy	kr 1 397 085	kr 500 000	kr 1 897 085
Gloppen	kr 1 351 970	kr 500 000	kr 1 851 970
Ullensvang	kr 1 307 598	kr 500 000	kr 1 807 598
Aurland	kr 1 172 102	kr 500 000	kr 1 672 102
Stad	kr 1 157 680	kr 500 000	kr 1 657 680
Kvinnherad	kr 1 135 428	kr 500 000	kr 1 635 428
Bremanger	kr 1 106 036	kr 500 000	kr 1 606 036
Luster	kr 1 007 161	kr 500 000	kr 1 507 161
Eidfjord	kr 838 271	kr 500 000	kr 1 338 271
Fitjar	kr 1 318 215		kr 1 318 215
Årdal	kr 1 311 739		kr 1 311 739
Osterøy	kr 1 222 123		kr 1 222 123
Vaksdal	kr 1 173 233		kr 1 173 233
Høyanger	kr 1 048 829		kr 1 048 829
Etne	kr 1 023 866		kr 1 023 866
Sveio	kr 1 017 962		kr 1 017 962
Askvoll	kr 1 009 830		kr 1 009 830
Samnanger	kr 964 468		kr 964 468
Austrheim	kr 885 014		kr 885 014

Vik	kr 828 261		kr 828 261
Lærdal	kr 753 511		kr 753 511
Fjaler	kr 730 509		kr 730 509
Solund	kr 530 594		kr 530 594
Fedje	kr 526 430		kr 526 430
Tysnes	kr 483 726		kr 483 726
Gulen	kr 422 816		kr 422 816
Modalen	kr 357 243		kr 357 243
Masfjorden	kr 345 575		kr 345 575
<b>Sum</b>	<b>kr 52 710 000</b>	<b>kr 22 590 000</b>	<b>kr 75 300 000</b>